



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimeisig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

## Skulekorpsdirigent - 30,81% fast stilling, Intern utlysing

### Stillingsinformasjon

Fast stilling som dirigent og instrumentallærer for Rosslund skulekorps.

Faste øvingar torsdag ettermiddag på Rosslund skule, og andre aktivitetar som konsertar og konkurransar gjennom skuleåret.

### Arbeidsoppgåver

Planlegging og gjennomføring av skulekorpsøvingar, konsertar, konkurransar og andre aktivitetar.

Langsiktig arbeid med opplæring i større og mindre grupper, både nybyrjarar og elevar som har spelt lenge, samarbeid med andre instrumentallærarar og skulekorpsstyret

### Kvalifikasjonskrav

Høgare musikkpedagogisk utdanning. Det vert eit ønskje at søkjaren har kompetanse innan messingblås.

### Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

### Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

### Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknadsfrist 23.05.2018

Utlyst dato 08.05.2018

Vårref

40/18

### Kontaktperson

Kamilla Strømsbo Dale, Fungerande rektor Meland kulturskule, tlf: 56171064, kamilla.stromsbo.dale@meland.kommune.no